KONKURRANSEGRUNNLAG

Del 1 – Konkurranseskildring

Konkurranse med forhandling
etter forskrift om offentlege anskaffingar (FOA) del I og III

for anskaffing av

Samspelsentreprenør til nytt helse- og omsorgssenter i Luster kommune

Innhald

1 GENERELL SKILDRING 3
1.1 Oppdragsgivar 3
1.2 Anskaffinga sitt føremål og omfang 3
1.3 Kontraktsvilkår 3
1.4 Deltilbod 3
1.5 Grunngjeving for unntak etter anskaffingslova §5b 3
1.6 Viktige datoar 4
2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN OG KRAV TIL TILBOD 4
2.1 Anskaffingsprosedyre 4
2.2 Attest for skatt og meirverdiavgift 5
2.3 Offentlegheit og teieplikt 5
2.4 Vedståingsfrist 6
2.5 Oppdatering av konkurransegrunnlaget 6
2.6 Tilleggsopplysningar 6
2.7 eBevis 6
3 DET EUROPEISKE EIGENERKLÆRINGSSKJEMAET (ESPD) 6
3.1 Generelt om ESPD 6
3.2 Nasjonale avvisingsgrunnar 7
4 KVALIFIKASJONSKRAV 7
4.1 Leverandøren sin registrering, autorisasjon mv. 8
4.2 Leverandøren sin økonomiske og finansielle kapasitet 8
4.3 Leverandøren sine tekniske og faglege kvalifikasjonar 9
4.4 Forbod mot russisk involvering 10
4.5 Støttande verksemder 10
5 UTVELJINGSKRITERIUM 10
6 FRIST FOR KRAV OM MELLOMBELS ÅTGJERD 11
7 TILDELINGSKRITERIUM 11
7.1 Evalueringsmetode 14
8 INNLEVERING AV TILBOD 14
8.1 Utforminga av tilbodet 15
8.2 Avvik, atterhald og avvising 15
9 ELEKTRONISK SIGNATUR 15

1 GENERELL SKILDRING

1.1 Oppdragsgivar

Opplysningar om oppdragsgivar og kontaktpersonen til oppdragsgivaren går fram i oppdragsgivaren sitt konkurransegjennomføringsverktøy (KGV).

All kommunikasjon med oppdragsgivar skal skje gjennom oppdragsgivaren sitt konkurransegjennomføringsverktøy. Dette gjeld og spørsmål og svar.

1.2 Anskaffinga sitt føremål og omfang

Luster kommune inviterer til konkurranse med forhandling om anskaffing av samspelsentreprenør for utvikling og gjennomføring av nytt helse- og omsorgssenter i Gaupne.

Anskaffinga omfattar ein samspelsentreprise i to fasar. Fase 1 omfattar utvikling av prosjektet fram til eit avgjerdsgrunnlag med tilhøyrande forprosjekt, målpris og framdriftsplan. Fase 2 omfattar detaljprosjektering og gjennomføring av prosjektet. Fase 2 er ein opsjon som oppdragsgivar einsidig kan velje å utløyse.

Nærare skildring av prosjektet, gjennomføringsmodellen, kontraktsforholdet og prosjektet sine funksjonelle krav går fram av dokumenta og vedlegga elles i konkurransegrunnlaget.

1.3 Kontraktsvilkår

Anskaffinga blir gjennomført som ein samspelsentreprise i to fasar.

Kontraktsforholdet i fase 1 blir regulert av vedlagt avtaledokument for utviklingsfasen (fase 1), basert på NS 8401.

Kontraktsforholdet i fase 2 blir regulert av vedlagt avtaledokument for gjennomføringsfasen (fase 2), basert på NS 8407.

Fase 2 er ein opsjon som oppdragsgivar einsidig kan velje å utløyse i samsvar med føresegnene i avtaledokumentet for fase 1.

1.4 Deltilbod

Det er ikkje høve til å gi tilbod på delar av oppdraget.

1.5 Grunngjeving for unntak etter anskaffingslova §5b

Oppdragsgivar har vurdert bruk av klima- og miljø som tildelingskriterium, men har kome til at klima- og miljøomsyn i dette prosjektet blir tekne vare på meir føremålstenleg gjennom konkrete krav og rammer for prosjektutviklinga enn gjennom evaluering av tilboda.

Anskaffinga gjeld ein samspelsentreprise der sentrale delar av løysinga skal utviklast i fase 1. Prosjektet sin klima- og miljøprestasjon vil derfor i stor grad vere avhengig av dei løysingane

som blir utvikla gjennom samspelet mellom oppdragsgivar og vald samspelsentreprenør, og ikkje av tilhøve som føremålstenleg kan evaluerast på tilbodstidspunktet.

Oppdragsgivar har derfor vald å stille konkrete klima- og miljøkrav til prosjektet. Krava omfattar mellom anna klimagassutslipp, energiyting, materialval, livsløpskostnader, naturmangfald, endringsevne og systematisk miljøoppfølging.

Klima- og miljøkrava skal leggjast til grunn for prosjektutviklinga i fase 1 og vidareførast som forpliktande rammer for fase 2.

Oppdragsgivar vurderer derfor at klima- og miljøomsyn oppnår større faktisk effekt gjennom prosjektet sine krav, mål og gjennomføringsmodell enn gjennom bruk av klima og miljø som eige tildelingskriterium.

1.6 Viktige datoar

Oppdragsgivar har lagt opp til følgjande tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	tidspunkt
Kunngjering	21.09.26
Frist for å stille spørsmål til kvalifiseringsprosessen	12.10.26
Frist for å levere førespurnad om å bli kvalifisert	21.10.26
Melding om resultat av kvalifiseringa	05.11.26
Tilbodssynfaring/tilbodskonferanse	Veke 46
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	23.11.26
Frist for å levere tilbod	07.12.26
Vedståingsfrist – første tilbod (frå tilbodsfrist)	3 mnd.
Evalueringar	Veke 50 - 2
Forhandlingar	Veke 3
Frist for innlevering av revidert tilbod	29.01.27
Vedståingsfrist – revidert tilbod (frå frist for rev. tilbod)	3 mnd.
Evalueringar	Veke 5 - 6
Melding om val av leverandør	12.02.27
Utløp av karensperiode	24.02.27
Kontraktsinngåing	25.02.27

Det blir gjort merksam på at tidspunkta etter tilbodsfrist/opning er førebelse. Ei eventuell forlenging av vedståingsfrist kan berre skje med leverandøren sitt samtykke.

2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN OG KRAV TIL TILBOD

2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlege anskaffingar av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlege anskaffingar (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I og del III.

Kontraktstildeling vil bli gjort etter prosedyren Konkurranse med forhandling etter føregåande kunngjering, jfr § 13-1(2) og § 23-7.

Denne konkurransen blir innleidd med ein kvalifiseringsfase. Berre dei tilbydarane som oppfyller kvalifikasjonskrava og har blitt invitert vil få høve til å levere tilbod.

Oppdragsgivar planlegg å invitere fire leverandørar til å gi tilbod, så sant det er eit tilstrekkeleg tal kvalifiserte leverandørar som søkjer om å delta i konkurransen. Dersom fleire enn fire kvalifiserte leverandørar leverer førespurnad om deltaking til konkurransen vil oppdragsgivar velje ut blant desse leverandørane på grunnlag av utveljingskriteriet som er oppgitt i kap. 5.

Alle inviterte leverandørar vil få tilboda sine evaluert og vil som utgangspunkt bli invitert til forhandlingar. Oppdragsgivar reserverer seg likevel retten til å redusere talet på tilbod som det skal forhandlast om. Ein eventuell reduksjon vil skje på grunnlag av dei oppgitte tildelingskriteria, og det blir understreka at reduksjonen kan skje på bakgrunn av dei (opphavlege) tilboda som skal leverast innan tilbodsfristen. Leverandørane blir derfor oppmoda om å levere sine beste tilbod også før forhandlingane tek til.

Oppdragsgivar reserverer seg også retten til å tildele kontrakt utan å gjennomføre forhandlingar.

Etter avslutta forhandlingar og eventuelle reviderte tilbod vil oppdragsgivar gjennomføre ein endeleg evaluering og tildele kontrakt til leverandøren med det økonomisk mest fordelaktige tilbodet basert på tildelingskriteria.

Det blir gjort merksam på at tilbod som inneheld vesentlege avvik frå anskaffingsdokumenta skal avvisast etter FOA § 24-8 første ledd bokstav b. Leverandørane kan ikkje vente at oppdragsgivar vil nytte forhandlingane til å avklare eller gi tilgang til å trekkje tilbake (vesentlege) avvik.

2.2 Attest for skatt og meirverdiavgift

Valde leverandør skal på førespurnad levere attest for skatt og meirverdiavgift. Dette gjeld berre dersom valde leverandør er norsk. Oppdragsgivar kan hente inn skatteopplysningane via eBevis. Alternativt blir attesten henta inn manuelt

Attesten skal ikkje vere eldre enn 6 månader rekna frå den dato oppdragsgivar melder frå om kven som har vunne konkurransen.

Ved bygge- og anleggskontrakter skal også alle underleverandørar levere attest for skatt og meirverdiavgift ved inngåing av kontraktar i tilknyting til oppdraget, som overstig kr 500 000 ekskl. mva.

2.3 Offentlegheit og teieplikt

For ålmenta sitt innsyn i dokument til ein offentleg anskaffing gjeld offentleglova. Oppdragsgivar og dei tilsette hos oppdragsgivaren pliktar å hindre at andre får tilgang eller

kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningstilhøve det vil vere av konkurransemessig betydning å halde hemmelege, jf. FOA § 7-4, jf. forvaltningsloven § 13.

2.4 Vedståingsfrist

Leverandøren må vedstå seg sine tilbod til dei tidspunkt som er oppgitt i pkt. 1.6 ovanfor.

2.5 Oppdatering av konkurransegrunnlaget

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, samt spørsmål til konkurransen med svar i anonymisert form, vil bli formidla via KGV-en til oppdragsgivaren.

Leverandørane er venta å ta omsyn til all oppdatering og annan informasjon som blir formidla om konkurransen.

2.6 Tilleggsopplysningar

Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gir tilstrekkeleg rettleiing, eller er uklare, kan leverandøren be om tilleggsopplysningar hos oppdragsgivar via KGV-en til oppdragsgivaren.

Dersom det blir oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, blir det bede om at dette blir formidla til oppdragsgivar via KGV.

Det er sett fristar for å stille spørsmål til kvalifiseringsfasen og til tilbodsfasen i kap 1.6. Fristane er sett for at oppdragsgivar skal ha tilstrekkeleg tid til å svare ut spørsmåla. Spørsmål som er stilt etter at fristane har gått ut, kan leverandørane ikkje vente blir svara på.

2.7 eBevis

Oppdragsgivar nyttar eBevis for å hente inn opplysningar knytt til kvalifikasjonskrav og avvisingsgrunnar i denne konkurransen. Opplysningar om restansar frå Skatteetaten og firmaopplysingar frå Brønnøysundregistrene er blant informasjonen som blir henta inn.

Kontrakten som blir nytta i denne konkurransen inneheld ein føresegn om samtykke til bruk av eBevis. Når leverandør leverer sitt tilbod og tilhøyrande ESPD-skjema i KGV, vil han like etter motta ein førespurnad om å gi fullmakt til å hente inn opplysningar via eBevis. Fullmakten må svarast på i Altinn. Dersom leverandør ikkje samtykkjer til bruk av eBevis, må dokumentasjonen oppdragsgivar ber om bli send inn manuelt.

3 DET EUROPEISKE EIGENERKLÆRINGSSKJEMAET (ESPD)

3.1 Generelt om ESPD

Som førebels dokumentasjon på oppfylling av kvalifikasjonskrava, at det ikkje ligg føre avvisingsgrunnar, og eventuelt oppfylling av utveljingskriteriene, skal leverandøren fylle ut og levere ESPD-skjema i oppdragsgivarens konkurransegjennomføringsverktøy (KGV).

Oppdragsgivar kan på eit kvart tidspunkt i konkurransen be leverandørane levere alle eller delar av dokumentasjonsbevisa dersom det er naudsynt for å sikre at konkurransen blir gjennomført på rett måte, jf. FOA § 17-3 tredje ledd. I denne konkurransen skal dokumentasjonen leverast saman med søknaden om deltaking i konkurransen.

Dersom fleire leverandørar deltek i konkurransen i fellesskap, skal dei deltakande leverandørane levere separate eigenerklæringar.

Dersom leverandøren støttar seg på andre verksemder sin kapasitet for å oppfylle kvalifikasjonskrava, skal det leverast ESPD-skjema for dei aktuelle verksemdene, jf. punkt 4.4.

3.2 Nasjonale avvisingsgrunnar

I samsvar med ESPD del III: Avvisingsgrunnar, seksjon D: «Andre avvisingsgrunnar som er fastsett i den nasjonale lovgivinga i oppdragsgivarens medlemsstat» Dei norske anskaffingsreglane går lenger enn kva som følgjer av avvisingsgrunnane oppgitt i EUs direktiv om offentlege anskaffingar og i standardskjemaet for ESPD. Det blir derfor presisert at i denne konkurransen gjeld og alle avvisingsgrunnane i anskaffingsforskrifta § 24-2, inkludert dei reint nasjonale avvisingsgrunnene.

Følgjande av avvisingsgrunnane i anskaffingsforskrifta § 24-2 er reint nasjonale avvisingsgrunnar:

- §24-2(2). I denne føresegna er det oppgitt at oppdragsgivar skal avvise ein leverandør når han er kjent med at leverandøren er rettskraftig dømd eller har vedteke eit forelegg for dei oppgitte straffbare tilhøva. Kravet til at oppdragsgivar skal avvise leverandørar som har vedteke forelegg for dei oppgitte straffbare tilhøva er eit særnorsk krav.
- 24-2(3) bokstav i. Avvisingsgrunnen i ESPD skjemaet gjeld berre alvorlege feil i yrkesutøvinga, medan den norske avvisingsgrunnen også omfattar andre alvorlege feil som kan føre til tvil om leverandørens yrkesmessige integritet.

4 KVALIFIKASJONSKRAV

Kvart einskild kvalifikasjonskrav må oppfyllast for at leverandøren skal kunne delta i konkurransen. Leverandørar som ikkje oppfyller eit eller fleire av kvalifikasjonskrava, vil bli avvist.

Grunnlaget for oppdragsgivaren sin vurdering av om kvalifikasjonskrava er oppfylt, er opplysningane som leverandøren gir i førespurnaden om deltaking, dokumentasjon som leverandøren legg fram, samt opplysningar som oppdragsgivar hentar inn gjennom eBevis eller andre offentlege register.

Manglande eller utilstrekkeleg dokumentasjon på eitt eller fleire krav kan føre til at leverandøren blir avvist. Dersom leverandøren har gitt opplysningar som er grovt feilaktige, kan dette føre til avvising.

Oppdragsgivar vil ved behov kontakte oppgitte referansar og kan i tillegg velje å hente inn opplysningar frå offentleg tilgjengelege register og kjelder.

Ein leverandør som er eit nyetablert føretak og som ikkje kan leggje fram referansar som påkravd, må vere særleg nøye med å dokumentere og sannsynleggjere at verksemda har føresetnader for å gjennomføre kontrakten.

4.1 Leverandøren sin registrering, autorisasjon mv.

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal vere registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	• For norske selskap vil oppdragsgivar som hovudregel hente inn opplysningane gjennom eBevis. • Dersom opplysningane ikkje er tilgjengelege gjennom eBevis, kan oppdragsgivar be leverandøren leggje fram firmaattest. • For utanlandske selskap blir det kravd dokumentasjon på at selskapet er registrert i føretaksregister, fagleg register eller handelsregister i den staten leverandøren er etablert.

4.2 Leverandøren sin økonomiske og finansielle kapasitet

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne utføre kontrakten. Kredittverdigheit utan krav til å stilla sikkerheit og med ein relevant kredittramme vil vere tilstrekkeleg til å oppfylle kravet.	• Kredittvurdering som baserer seg på siste kjende rekneskapstal. Ratingen skal vere utført av kredittopplysningsverksemd som har konsesjon til å drive slik verksemd. • Eventuell nyare informasjon av betydning for den økonomiske og finansielle kapasiteten til leverandøren. • Oppdragsgivar tar atterhald om sjølv å hente inn ytterlegare kredittrating eller annan økonomisk informasjon som, men ikkje avgrensa til, årsrekneskap inklusive noter, styret sine årsmeldingar og revisjonsmeldingar.

4.3 Leverandøren sine tekniske og faglege kvalifikasjonar

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha erfaring frå oppdrag av relevant art, kompleksitet og omfang, jf. skildring av oppdraget. • Med relevant art er meint byggeprosjekt som har likskapstrekk med det aktuelle prosjektet når det gjeld funksjon, brukargrupper, tekniske installasjonar eller krav til samordning mellom ulike hovudfunksjonar. Prosjekt som omfattar skule, helsebygg, kulturbygg, idrettsbygg, svømmehall eller andre samansette føremålsbygg er døme på oppdrag som blir rekna som relevant art. • Med relevant kompleksitet er meint oppdrag der leverandøren har hatt ansvar for organisering og koordinering av fleire fag og funksjonar i tilsvarande fase. • Med relevant omfang er meint oppdrag med kontraktsverdi over MNOK 150 ekskl. mva. Leverandøren skal dokumentere tre referanseprosjekt. • Minst to av referanseprosjekta skal dokumentere relevant art, relevant kompleksitet og relevant omfang. • Minst eitt av referanseprosjekta skal vere gjennomført som samspelsentreprise eller annan entrepriseform som inneber tidleg involvering og prosjektutvikling i samarbeid mellom byggherre, entreprenør og brukarar. Referanseprosjekta skal som hovudregel vere ferdigstilt. Prosjekt som framleis er under gjennomføring kan bli nytta dersom leverandøren dokumenterer at prosjektet har nådd eit modningsnivå som gir eit tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere dei erfaringar og kvalifikasjonar som blir påberopt.	Skildring av tre relevante referanseprosjekt som er ferdigstilt eller under gjennomføring i løpet av dei siste sju åra. Skildringa kan bli gitt i leverandøren sitt eige format, og skal som minimum innehalde følgande opplysingar: • Prosjektet sitt namn • oppdragsgivar • entreprise- og gjennomføringsmodell • leverandøren si rolle og ansvar • kontraktsverdi • gjennomføringsperiode • skildring av prosjektets kompleksitet og relevans • skildring av erfaring med samspel eller tilsvarande samarbeidsmodell der dette blir påberopt • opplysningar om kva delar av kvalifikasjonskravet referanseprosjektet dokumenterer • namn og kontaktinformasjon til referanseperson (oppdragsgivar reserverer seg retten til å kontakte referanseperson om det blir rekna som føremålstenleg) Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentere at referanseprosjekta samla oppfyller kvalifikasjonskravet.

4.4 Forbod mot russisk involvering

Krav	Dokumentasjonskrav
Oppdragsgivar skal avvise leverandørar som består av a) aktørar som er russisk statsborgar eller ein fysisk eller juridisk person, eining eller organ etablert i Russland, b) aktørar som er direkte eller indirekte eigd meir enn 50 % av ein eining som nemnt i punkt (a) foran, c) aktørar som handlar på vegner av, eller etter instruks frå, ein eining som nemnt i punkt (a) eller (b) foran, og d) aktørar med underleverandørar, selskap mv., hvis kapasitet leverandøren støttar seg på for gjennomføring av meir enn 10 % av verdien av denne kontrakten, handlar på vegner av ein eining som nemnt i bokstav (a) eller (b) foran.	Erklæring på at leverandøren ikkje er i ein eller fleire av dei fire situasjonane (a til d) som kvalifikasjonskravet forbyr.

4.5 Støttande verksemder

Leverandøren kan for denne kontrakten støtte seg på kapasiteten til andre verksemder for å oppfylle krava til økonomisk og finansiell kapasitet, jf. FOA § 16-3, og tekniske og faglege kvalifikasjonar, jf. FOA § 16-5.

Dersom ein leverandør støttar seg på kapasiteten til andre verksemder, skal han dokumentere at han rår over dei naudsynte ressursane, jf. FOA § 16-10, til dømes i form av ein forpliktelseserklæring.

Det skal i tillegg leverast eigne ESPD-skjema for aktuelle støttande verksemder og dokumentasjon på dei kvalifikasjonane den støttande verksemda bidrar med.

Dersom ein leverandør støttar seg på kapasiteten til andre verksemder for å oppfylle krava til økonomisk og finansiell kapasitet, skal desse vere solidarisk ansvarlege for utføringa av kontrakten. Dette gjeld også ved morselskapsgaranti. Solidaransvar skal stadfestast ved ein erklæring eller som ein del av ein samarbeidsavtale.

Dersom ein leverandør støttar seg på kapasiteten til andre verksemder for å oppfylle krava til relevant fagleg erfaring, skal leverandøren også nytte denne eller desse verksemdene til å utføre det kontraktsarbeidet som krev slike kvalifikasjonar.

5 UTVELJINGSKRITERIUM

Dersom det melder seg fleire enn 4 leverandørar som oppfyller minstekrava til kvalifikasjonar, vil oppdragsgivar velje ut og invitere dei 4 leverandørane som best oppfyller kvalifikasjonskravet om **Leverandøren sine tekniske og faglege kvalifikasjonar** jf. pkt. 4.3 over.

Ved utveljinga vil følgjande særleg bli vektlagt:

- referanseprosjekta sin relevans for prosjektet sin art og funksjon

- erfaring med helsebygg, sjukeheim, pleieinstitusjonar eller andre byggverk i risikoklasse 6
- erfaring med samspel og tidlegfaseutvikling
- erfaring med prosjekt av tilsvarande kompleksitet
- erfaring med prosjekt av tilsvarande storleik og omfang
- referanseprosjekta sin overføringsverdi til det aktuelle prosjektet

6 FRIST FOR KRAV OM MELLOMBELS ÅTGJERD

Krav om mellombels åtgjerd mot oppdragsgivaren sin avgjerd om å avvise ein førespurnad om å delta i konkurransen, jf. anskaffingsforskrifta § 24-1 og § 24-2, eller ikkje velje ut ein leverandør, må setjast fram for tingretten ikkje seinare enn 15 dagar rekna frå dagen etter oppdragsgivaren sende melding om avvisinga eller ikkje å velje ut ein leverandør.

7 TILDELINGSKRITERIUM

Kontrakt vil bli tildelt leverandøren som har levert det tilbodet som etter oppdragsgivaren sin vurdering har det beste forholdet mellom kvalitet og pris.

Følgjande tildelingskriterier vil gjelde:

OPPGÅVEFORSTÅING OG LØYSINGSKOMPETANSE – 50 %
A – Løysingskompetanse og designforståing Leverandøren skal med utgangspunkt i problemstillinga «*Korleis kan eit helse- og omsorgsbygg bli utvikla slik at det gir gode butilhøve, effektiv drift og ein robust løysing innanfor dette prosjektet sine rammer?*» foreslå: • to alternative prinsipielle grep for bygget sitt volum og plassering på tomta, inkludert hovudgrep for tilkomst, logistikk og samanhengen mellom sentrale funksjonar, med kort utgreiing av sentrale vurderingar, prioriteringar og avvegingar • ein prinsipiell løysing for ein bugruppe (bestående av 10 bebuarrom med tilhøyrande fellesareal og støttefunksjonar), med kort utgreiing av sentrale vurderingar, prioriteringar og avvegingar Det blir vurdert i kva grad leverandøren viser kompetanse og forståing til å identifisere og handtere sentrale utfordringar, vurdere moglegheiter og alternativ, gjere grunngjevne val, samt nytte relevant erfaring og kompetanse i dette prosjektet. **B – Gjennomføring av samspelsfasen** Det blir vurdert i kva grad leverandøren skildrar ein konkret og gjennomførbar tilnærming til samspelsfasen, samt korleis denne legg grunnlag for den påfølgjande gjennomføringsfasen. Det vil bli lagt vekt på følgjande: • Organisering og gjennomføring av samspelsfasen • Samarbeid og rolleforståing mellom byggherre, entreprenør, rådgjevarar og brukarar • Korleis samspelet mellom prosjekterande og utførande blir organisert og fulgt opp • Korleis avgjerdsgrunnlag blir etablert, strukturert og forankra • Korleis løysingar, kostnader, og usikkerheit blir utvikla og avklart gjennom samspelsfasen

- Korleis moglegheiter for forbetring, forenkling og meirverdi blir identifisert og vurdert
- Korleis samspelsfasen samla legg grunnlag for gjennomføringsfasen

Dokumentasjon som skal bli levert

Leverandøren skal levere ein samla skriftleg utgreiing av oppgåveforståing og løysingskompetanse. Krav til leveransen:

- Maks 12 A4-sider
- Illustrasjonar og figurar kan bli nytta innanfor sideavgrensinga

KJERNETEAMET SIN KOMPETANSE, ERFARING, SAMANSETJING OG SAMHANDLINGSKOMPETANSE – 30 %

Kriteriet består av to underkriterium som blir vekta likt.

A – Kompetanse, erfaring og samansetjing

For dette underkriteriet blir kjerneteamet sin kompetanse, erfaring og samansetjing vurdert.

Kjerneteamet skal bestå av:

- Prosjektleiar
- Prosjekteringsleiar
- Arkitekt
- Teknisk prosjektleiar
- Ein valfri rolle som leverandøren vurderer som særleg relevant for prosjektet

<u>Kompetanse og erfaring</u>

Det blir vurdert i kva grad dei tilbode nøkkelpersonane har:

- relevant kompetanse og erfaring frå tilsvarande prosjekt
- erfaring frå samspelsprosjekt eller andre prosjekt med tidleg involvering
- erfaring som er direkte overførbar til dette prosjektet
- erfaring frå prosjekt kor dei har fulgt prosjektet gjennom fleire fasar

<u>Samansetjing</u>

Det blir vurdert i kva grad leverandøren har sett saman eit kjerneteam som er godt eigna til å ta i vare behova i prosjektet. Det vil mellom anna bli lagt vekt på:

- kompetansesamansetjing, kompetansefordeling, eventuelt tidlegare samarbeid mellom nøkkelpersonane samt korleis kompetansen til teammedlemmene utfyller kvarandre
- relevansen av dei valde rollene

Det er ikkje høve til å byte ut tilbode nøkkelpersonar etter gjennomført SPGR-evaluering (sjå pkt. B).

B – Samhandlingskompetanse (SPGR)

Kjerneteamet sin Samhandlingskompetanse blir vurdert ved bruk av SPGR-metodikk (Systematisering av Person-Gruppe Relasjon) utarbeidd av SPGR Institute AS, gjennomført av ekstern fagressurs. Evalueringa er basert på individuelle SPGR-besvarelser frå medlemmene i kjerneteamet og analyse av teamet sitt samla samhandlingsmønster.
Det blir vurdert i kva grad teamet samla sett viser føresetnader for:

- tillit og samarbeid
- felles situasjonsforståing
- balansert rolleutøving
- konstruktiv kommunikasjon
- effektiv handtering av komplekse problemstillingar

Resultata frå SPGR-analysen blir lagd til grunn for evalueringa av dette kriteriet.

Nærare skildring av SPGR-vurderinga og gjennomføringa av denne går fram av dokumentet «Beskrivelse av SPGR-vurderingen».

Dokumentasjon som skal leverast

A – Kompetanse, erfaring og samansetjing

1. CV for kvar tilbode rolle i kjerneteamet. Kvar CV skal vere på maks 5 A4-sider, enkel linjeavstand og skrifttype Calibri, skriftstørrelse 11. CV skal innehalde:
   - Utdanning og relevante kurs
   - Relevant yrkeserfaring
   - Inntil tre relevante referanseprosjekt
   - Skildring av rolle og ansvar i referanseprosjekta
2. Utgreiing om kjerneteamet sin samansetjing, val av valfri rolle, korleis kompetansen til teammedlemmene utfyller kvarandre, samt eventuelt tidlegare samarbeid mellom dei tilbodne nøkkelpersonane. Maks 2 A4-sider, enkel linjeavstand og skrifttype Calibri, skriftstørrelse 11.

B – Samhandlingskompetanse (SPGR)

- Kontaktinformasjon (namn, e-post, telefon) til dei tilbodne personane i kjerneteamet

PRIS – 20 %

Under dette kriteriet blir berekna tilbodspris vurdert, slik den kjem fram i tilbods- og prisskjemaet.

Tilbode påslagsprosent og tilbodne timeprisar er bindande. I tilbodsevalueringa vil tilbodne timeprisar bli volumjusterte og tilbode påslagsprosent blir multiplisert med estimert kontraktsstorleik for å finne eit berekna påslag. Desse berekningane er berre til evalueringsføremål, og leverandøren kan ikkje byggje nokon rett på desse anslaga i ein kontrakt med oppdragsgivar.

Dokumentasjon som skal leverast

Utfylt tilbods- og prisskjema.

7.1 Evalueringsmetode

For dei kvalitative kriteria vil vurderinga vere basert på ein samla fagleg skjønsmessig vurdering av tilboda sine styrkar og svakheiter opp mot kriteria sine føremål og vurderingstema, slik desse er skildra i konkurransegrunnlaget.

Kriteriet *Oppgåveforståing og løysingskompetanse* blir vurdert på grunnlag av ein skjønsmessig heilskapsvurdering. Kriteriet *Kjerneteamet sin kompetanse* er delt opp i to underkriterium som blir vurdert og poengsett kvar for seg.

Priskriteriet blir vurdert ved ein lineær metode, der kroneverdien som tilsvarar eitt poeng, speglar oppdragsgivaren sin betalingsvilje for kvalitetsforbetringar.

Kvalitative kriterium (under høvesvis oppgåveforståing/løysingskompetanse og kjerneteamet sin kompetanse) blir vurdert etter ein idealpoengmodell (ein absolutt skala). Tilboda får poeng (0-10) ut frå kor godt dei møter idealnivået. Poengskilnadene speglar dei relevante skilnadene mellom tilboda. Tilbodet som best oppfyller underkriteria sine idealnivå, blir gitt flest poeng, men ikkje nødvendigvis maksimal poengsum (10 poeng).

Poenga blir vektlagde etter oppgitte prosentsatsar, og tilbydar med høgast totale vekta poengsum blir tildelt kontrakt.

8 INNLEVERING AV TILBOD

Dette punktet er berre aktuelt for dei leverandørane som har blitt kvalifisert og valde ut til å få levere tilbod etter endt kvalifiseringsrunde. Alle leverandørar må først levere førespurnad om deltaking, i samsvar med punktet over, for så å vente på eventuell invitasjon til å levere tilbod. Leverandørar som leverer førespurnad, men som ikkje blir inviterte til å levere tilbod, vil få melding om dette.

Endeleg frist for innlevering av første tilbod går fram av pkt. 1.6.

Tilbodet skal leverast via KGV-en til oppdragsgivaren etter den utforminga KGV-en til oppdragsgivaren oppgir, innan tilbodsfristen. Innlevering av tilbod per e-post eller liknande vil føre til avvising av tilbodet. Tilbodet skal vere bindande. Leverandøren har risiko for uklarheiter i tilbodet.

Oppdragsgivar vil betale ut eit honorar på kr 150 000 ekskl. mva. til kvar av tilbydarane som deltek i tilbodsfasen, men som ikkje blir tildelt kontrakten.

Honoraret føreset at tilbydaren leverer tilbod i samsvar med konkurransegrunnlaget og deltek i dei møta og aktivitetar som følgjer av konkurranseprosessen.

Honoraret dekker tilbydaren sine kostnader knytt til utarbeiding av tilbod og andre aktivitetar i konkurransen.

Utbetaling av honoraret inneber ikkje at oppdragsgivar tek over eigedomsrett eller bruksrett til tilbydaren sitt materiale utover det som følgjer av evaluering av tilbodet.

8.1 Utforminga av tilbodet

Leverandøren skal fylle ut og svare på alle punkt i konkurransedokumenta. Dokumentasjon skal lastast opp som pdf.-filer dersom ikkje anna format er spesifisert.

Tilbodet skal som minimum innehalde:

- Tilbodsbrev
- Svar/dokumentasjon i samsvar med tildelingskriteria

8.2 Avvik, atterhald og avvising

Eventuelle avvik (inkludert atterhald) skal skildrast tydeleg og eintydig i tilbodsbrevet, slik at det klårt går fram korleis leverandøren meiner at desse påverkar prisoppsett, kvalitet, kvantitet og leveringsevne. Leverandøren kan ikkje påberope seg atterhald og avvik som er skildra på annan måte.

Eventuelle henvisingar til standardiserte leveringsvilkår eller liknande vil bli rekna som avvik dersom dei avviker frå noverande konkurranse- eller avtaleføresegner.

Det blir gjort merksam på at tilbod med vesentlege avvik frå anskaffingsdokumenta skal avvisast. Leverandørar som blir inviterte til å gi tilbod, blir derfor oppmoda på det sterkaste til å følgje dei tilvisingane som er gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt prøve å avklare uklarheiter ved å stille spørsmål.

Oppdragsgivar kan også avvise tilbod som inneheld avvik frå anskaffingsdokumenta, uklarheiter eller liknande som ikkje må reknast som uvesentlege.

Det er i oppdragsgivaren sin interesse at leverandørane leverer tilbod utan avvik. Leverandørane kan likevel ikkje forvente at oppdragsgivar vil bruke forhandlingane til å la leverandørane fjerne (vesentlege) avvik frå tilboda.

9 ELEKTRONISK SIGNATUR

Vi tilrår leverandørane å nytte seg av elektronisk signatur for å autentisere seg ved innlevering av tilbod. Elektronisk signatur kan tingast på www.commfides.com, www.buypass.no eller www.bankid.no.